

Seter i Søre Ål (gnr. 88)

Seter i Søre Ål er ein av dei gamle og sentrale gardane i grenda. Men garden har aldri vore serleg stor. I skrivne kjelder vil ein først finne garden nemnt i diplommet av 1442. Namnet er da skrive Sæther, og garden er nemnt saman med Arnarudh og Raufnarudh. Ved arveskiftet kom garden under biskop Olav i Bergen, men i 1557 var Seter kome under Hamar-bispen. Landskylda av garden er da oppgitt til 3 skinn. I 1594 vart Seter rekna i gruppa for ”Hallfue garde” som svara 30 skill. i skatt som t. d. Bredsettir og Hollenn. I 1604 svara Seter 1 ½ tønne i tiendekorn, som var like mye som Hage ell. Randgard. Same året er elles Hans Seter oppført blant ”Ødegaardsmend”. I 1614 betalde Svend Seter halding av 3 skinn krongods og 3 skinn Rosenkrantsgods, altså tilsaman ei landskyld på 6 skinn. Svend heitte brukaren på Seter også i 1634, og landskylda av garden var da framleis 6 skinn.

Ved matrikuleringa av gardane i 1668 var det derimot Engebret som var brukar på Seter. Landskylda var da høgda til 1 hud 3 skinn, og av dette låg dei 3 skinn til krona og resten, 1 hud, til ”Christiania Schoelle”. Elles er det da fortalt om garden Seter at enga, innmarka der var god og at meir kunne dyrkast. Buskapen av store husdyr var da 2 hester og 14 naut, og korntienda vart utreidd med 1 tønne, som altså svara til ei årsavling på 10 tønner. Vidare er det og fortalt at Seter hadde seter og somarbeite åt krøtera på Langset seter, og at brukaren egentleg heitte Engebret Toresen Seter og hadde ein son, Hans, som da var 14 år.

Etter matrikkelframlegget av 1723 var det i mellomtida i grunnen skjedd små skifte på Seter. Garden låg da framleis med 3 skinn til Kongen, men da med 1 hud til Christiania Communitet. Husdyrhaldet hadde auka og var 2 hestar, 1 føl, 9 naut, 9 sauer og 12 geiter, og den årlege utsæden av korn var kring 4 tn. bygg. Det er oppgitt at garden enda vanta skog, og at setra hadde berre måteleg med hamn. Men garden var lettbrukt og jordarten god, ”dog tørrlent i tørre åringer”. Brukar av garden var da Tore Jonsen, som altså framleis var bygselbonde, leiglending.

Men i 1727 fekk så Tore Jonsen først kongeleg skjøte på dei 3 skinn jordgods som låg til krona og i 1739 også skjøte frå biskop Peder Hersleb på det jordegods i Seter til 1 huds skyld som låg til Christiania Communitet. Kjøpesummen var i siste tilfelle 270 rd. Dermed var altså Tord Jonsen vorte sjøleigande bonde på Seter.

Tord Jonsen, som var født i 1694, var gift med Sessel Eriksdtr., og dei hadde 3 born. Det var: 1. Marit, gift med Ole Asbjørnsen Randgard, 2. Kjersti f. 1724, 3. Jens f. 1726. – Det var Marit og Ole Asbjørnsen som tok over som brukarfolk på Seter, og dei fekk mange born. Dei var: a. Asbjørn f. 1741, b. Beret f. 1743, gift 1770 med Ole Jørgensen Sorgendal. c. Tord f. 1747, d. Sessel f. 1749, e. Marit f. 1752, f. Guri f. 1754, g. Per f. 1757, h. Ole f. 1759,

I samband med overtakinga av Seter lånte Ole Asbjørnsen i 1744 160 rd. av Ole Mønningen ved Onsum mot pant i halvparten av Seter, der rekna til 6 skinn.

Sju år seinare gav i 1751 Ole A. Seter ein bygselseddel som her kan vera av interesse. Seddelen har elles etter utskrift av tingboka denne ordlyden.

”Kolsveen. Bøxseddel dat. og tinglest 4. oktober 1751. Fra Ole Asbjørnsen Sætter af Faaberg prestegjeld til Even Willumsen paa en under hans gaard Sætter til og underliggende

husmandsplads Kolsveen kaldet beliggende ved almues veien mod aatlig husleie 12 melingers slaat og 1 rd. i penge”.

Even Willumsen budde elles i Kolsveen berre i 5 år, og i 1756 gav Ole Seter ein liknande bygselseddel til Ole Svendsen Svendsbakken på Kolsveen med hus og jord, men da for eit tidsrom av 12 år. Vi merker oss og at det korte og opplysende namnet Kolsveen også er av historisk interesse. Det er sikkert eit ordminne om at det der i eldre tider har vore trekolbrenning. Det skal vera kol å finne i jorda der ennå. – Om Even Willumsen Kolsveen er det elles å fortelja at han i 1748 hadde fått bevilling til å rydde i ”Kongens Alminding ved Avskaakken Fiskevand”.

Ole Asbjørnsen var framleis brukar av Seter i 1762. Han hadde da lånt 200 rd. av Ole Halvorsen Trongrud, 100 rd. av Hans Halvorsen og 100 rd. av Fåberg kyrkjekasse mot årleg rente og trygd for kapitalen. Men 5 år seinare gav i 1767 Ole A. Seter skjøte til Ole Jørgensen Sorgendal, som var gift med Beret, søster hans. Landskylda av Seter var da framleis 1 hud 3 skinn, og kjøpesummen ved handelen var 750 rd. + føderåd til seljaren med hustru. Av føderådskontrakten går det dessuten fram at Ole Asbjørnsen sjølv også for framtida skulle ”nyde bruken av Kolsveen under gaarden Sætter”.

Ole Jørgensen Sorgendal f. 1737 som da tok over som eigar og brukar av Seter, var som før nemnt gift med Beret Olsdtr. Seter, og dei fekk 5 born. Det var: 1. Beret f. 1771, g. 1800 m. Engebret Gudbrandsen Smee, 2. Guri f. 1772, 3. Jørgen f. 1775, 4. Ole f. 1779, g. 1805 m. Mari Olsdtr. Aanrud, 5. Sønnøv f. 1782, g. m. Lars Amundsen nordre Mælumseie.

Ole Jørgensen var fram leis brukar av Seter i 1768. Det var da ei synfaring- og takstforretning der, og saka som her kan vera av interesse, har i utskrift denne ordlyden:

”Sæter i Faaberg. Besiktigelse og taksationsforretning på grd. Sæter i Lillehammer anneks over gårdens husebygninger m. v. efter forlagende av oppsidderen Ole Jørgensen. Gårdens forrige eier og formentlige odelsmann var varslet. Den indvarslede Ole Asbjørnsen var tilstede tillikemed sin søn Asbjørn Olsen, hvilken siste reserverte sig gårdens innløsning i sin tid. Bygninger: 1 stuebygning med bakstue og sval, låve, kofjøs, et lite såkalt panhus, en såkalt veslelåve, veslestuen kaldet, 1 små kreaturhus, 1 purkehus, 1 vedskåle, 1 bod, hestestall, 1 ildhus, 1 stabbur, 1 smidehus, 1 tørkestue, 5 hølader i engen. Gårdens hus og gjerder blev beseet og takseret. Likeså hus og gjerder på sætrene. Mange av husene var kun tjenlige til brenneved”.

Ole Jørgensen Seter døde i 1783, og enka Beret Olsdtr. Gifta seg seinare oppatt med Amund Olsen Mitjørstad, og dei to fekk i sitt ekteskap dottera Sessel Amundsdr. f. 1785.

Ved hundreårsskiftet var det unge Jørgen Olsen f. 1775 som hadde tatt over som brukar på Seter. I hans tid kom i 1801 påbodet om folketelling, og det budde da 7 familiar på og/eller ved Seter: Det var: 1. familie: 1. Jørgen Olsen, husbonden, 25 år, 2. Simen Hansen, tenestkar, 18 år, 3. Kjersti Christensdr., tenestkvinne, 20 år, 2. familie: Beret Olsdtr., husmoder, mor til husbonden, 60 år, 2. Ole Olsen, sonen hennar, 3. Sessel Amundsdr., dotter hennar, 16 år, 3. familie: Engebret Gudbrandsen, inderst, arbeidar, 29 år, 2. Berit Olsdtr., kona hans, 30 år, 3. Ole, son deira, 1 år. 4. Marit Torsdr., føderådskone, 85 år, 4. familie: 1. Nils Larsen, husmann med jord, 49 år, 2. Kari Svendsdr., mor hans, 76 år, ”Nyder Lægd”, 3. Maren Svendsdr., 79 år, ”Nyder Lægd”, 4. Ole Jonsen, pleiebarn, 11 år.

5. familie: Bjørn Olsen, inderst utan jord, arbeidar, 2. Lisbet Olsdr., kona hans, 64 år.
6. familie: 1. Peder Pedersen, husmann med jord, soldat, 34 år, 2. Kari Pedersdr., kona hans, 50 år, 3. Guri Pedersdr., dotter deira, 3 år.
7. familie: 1. Christen Pedersen, husmann med jord, skredder, 58 år, 2. Mari Nielsdatter., kona hans, 60 år, 3. Nils Christensen, sonen deira, 24 år, ugift, 4. Marit Christensdr., dotter deira, 16 år.

Jørgen Olsen Seter brukte garden samla til i 1808. Da gav han skjøte til Jørgen Sorgendal på halvdel av garden Seter, skyld 7 ½ skinn, for 1900 rd. – Fire år seinare var det ei sak mellom Jørgen Seter og Erich Olsen om eit skjøte på plassen Kolsveen. Saka er elles etter utskrift bokført slik:

”Kulsveen i Faaberg.

17. febr. 1812. Erich Olsen Kolsveen kontra Jørgen Sæter ang. skjøte på pl. Kolsveen. Dom inf. i dompr. 3 pag. 115: Erich Olsen Kolsveen søker under denne sak Jørgen Olsen Sæter, av hvem han skal ha kjøpt pl. Kolsveen, til under en daglig mulkt å gi seg skjøte og hjemmelsbrev på denne plass, hvilket han ikke i mindelighet har kunnet erholde. At citanten har kjøpt plassen av innstevnte for 600 rd. er in confesso. Innstevnte hevder at han ikke har nektet å meddele citanten skjøte, når denne ville betale det halve av omkostningerne. Kjennes for rett: Jørgen Olsen Sæter bør meddele Erich Olsen Kolsveen lovlig skjøte på pl. Kolsveen under grd. Sæter for de 600 rd. under en mulkt av 1 rd. til Fåberg fattigkasse for hver dag han sitter denne dom overhørig imot at Erich Olsen betaler ham det halve av skjøtets omkostninger. Erich Olsen betaler sakens omkostninger til Jørgen Olsen Sæter med 20 rd. og til justitskassen for unødige trette i rd. 52 skl.”

Året etter gav i 1813 Jørgen Sorgendal skjøte på sin halvdel til Ole Olsen for kjøpesum 2000 rd. Ole Olsen hadde så dette bruksnr. av Seter til i 1814, da han skjøta garden vidare til Christian Pedersen for 1000 riksbankdalar. Christian Pedersen hadde elles ikkje garden lenger enn 1 år. Da selde han i 1815 Seter til Niels Hansen for 2000 rbd. – Om handel med plassen Holsveen er ei sak av 1818. Jørgen Olsen Seter skjøta da dette bruket til Erich Olsen for kjøpesum 600 rd. Etter atter 1 år gav i 1819 Niels Hansen Bredeli på Seter skjøte til Erik Iversen Langset på ”den søndre del av grd. Seter for 1075 spd.”

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om dei to Setergardane, da kalla Sæter Nordre og Sæter Søndre, oppgitt at dei da hadde 3 arbeidshestar isaman, og dessuten kvar for seg hadde 6 naut, og kvar også ei årleg kornavling på ca. 26 tønner bygg. Samtidig er det vidare opplyst at på Kolsveen og Sæterengen hadde dei 1 arbeidshest isaman og kvar for seg 3-4 naut og ei årleg kornavling på ca. 10 tønner.

To år seinare gav i 1821 Jørgen Olsen på Nordre Sæter skjøte til Børre Larsen på denne garden. Børre Larsen brukte så Sæter nordre til i 1828, da han selde garden til Ole Olsen og Peder Larsen. Ved denne handelen vart det elles gjort det atterhaldat Børre Larsen skulle ha att eit jordstykke der til eige bruk. – Etter dette var det ved matrikuleringa av gardane i 1838 tre løpenummer under garden Seter. Det var: a. Løpenr. 230a Seter nordre av skyld 1 skylddalar 3 ort 13 skilling som Peder Larsen da var eigar eller brukar av, b. bruksnummer 230 b også av skyld 1 skylddalar 3 ort 13 skilling, som Ole Olsen var eigar eller brukar av. c. Løpenr. 231 Sæter søndre, skyld 3 skylddalar 2 ort 2 skilling, som erik Iversen i den tid var eigar ell. brukar av. Dessutan var det under Kulsveen to løpenr.: a. Løpenr.

---- Side 6 mangler i originalmanuskriptet.

I samband med folke- og jordbruksstillingene i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Seter-gardane i den tid fortalt at på Seter nedre, som S. Pedersen da hadde, var det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje 27 mål, og av dette var 15 mål jord av 1. klasse. På Seter nedre som Ole Olsen hadde, var dei tilsvarande tal: 43 mål og 18 mål, og på Seter øvre hos O. Larsen var dei tilsvarande areal: 94 mål og 40 mål. Dette var da den største Setergarden. På Seter øvre hos Lars Eriksen var derimot dei tilsvarande areal 41 mål og 20 mål, og på Seter øvre hos S. Gundersen var tala: 43 mål og 22 mål. Samtidig er det opplyst at på Seter, Kulsveen hos E. Olsen var dei omhandla areal av åker, eng og seterlykkje: 27 mål, og av dette var 10 mål jord av 1. klasse. I Kulsveen hos C. Larsen var derimot dei omhandla areal 28 mål og 11 mål. Vidare var dei tilsvarande areal i Seterengen hos Niels Christensen: 42 mål og 20 mål, og i Setersveen hos K. Rise: 51 mål og 13 mål.

Den same tendens til utparsellering av Setergardane heldt også fram i tida fra 1865 til 1886. – I 1875 kjøpte såleis kjøpm. A. G. Olstad ein del av Nordre Sæter og Søndre Hage for tilsm. 400 spd. Vidare vart i 1879 Seterstuen fråskilt Seter søndre, nordre, og amtsagronom Peter Kraabøl kjøpte i 1877 hovudbruket Seter søndre, nordre for 1250 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Seter i Søre Ål fekk da gardsnr. 88, og det var da 12 bruksnr. under gardsnr. 88 Sæter. Det var: Brn. 1 Kulsveen av skyld 1,25 mark, som Peter Hansen Vottestad da var eigar eller brukar av, brn. 2 Kulsveen, skyld 1,25 mark, eigar ell. brukar: Postekspeditør H. Andersen, brn. 3 Solheim, skyld 0,04 mark, eigar: Skogens Samlag, brn. 4 Engen, skyld 2,32 mark, eigar ell. brukar: Nils Sorgendal.

-----Side 8 mangler i originalmanuskriptet.

Og dagarbeidar Iver Eliassen, 34 år, budde på Sæterringen. Anton O. Sæterengen var da 54 år og Kristiane Sæterengen, kona hans, var 49 år. Vidare hadde Johannes J. Bakke og anne Simensdtr., kona hans, som budde i Sæterengen Søre, røyserett, og til slutt nemner vi her lærar Andreas T. Ulsaker, 54 år, Elise J. Ulsaker, f. Fryjordet, 44 år, og gjørtler Matiassen, 56 år, som budde i Kolsveen. Nei, skreddar Johannes Hansen, 57 år, og kona hans, Augusta Berntsdtr., 51 år, som budde på Solheim, bør og nemnast.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det vorte 31 bruksnr. under gardsnr. 88 Seter. Blant desse mange bruksnr. var det da framleis gardsbruk med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: 1. Grn.88, brn. 1 Kulsveen med eit jordbruksareal på ca. 65 mål og Thorleif A. Ulsaker som eigar og brukar, 2. brn. 2, 7, 8 Sæther øvre søndre, areal ca. 110 mål, eigar og brukar Lars O. Sæther, 3. brn. 4 Sæterengen, areal ca. 60 mål, eigar og brukar Nils Sæterengen, 4., brn.5 Sæther nedre, søndre, areal ca. 20 mål, 5. brn. 6 Sæther søndre, areal ca. 15 mål, eigar og brukar Ole T. Sæther, 7. Brn. 10 Sæther øvre, nordre, areal ca. 35 mål, eigar og brukar Lars E. Sæther. 8. brn. 11 Sæther søndre, nedre, areal ca. 35 mål, eigar og brukar Arnold Kråbøl.